

Nordfjord vassområde



MØTE I PROSJEKTGRUPPA FOR NORDFJORD VASSOMRÅDE

REFERAT

Tysdag 14. november 2017 kl 9:30 – 12:00

Stad: Eid vidaregåande skule, Nordfjordeid

Frammøtte:

Bjørn Henry Martiniussen	Bremanger kommune
Stanislawa Voldsund	Eid kommune
Odd Robert Solvåg	Vågsøy kommune
Odd Rønningen	Stryn kommun
Ståle Hatlelid	Hornindal kommune
Per Ove Fosshem	Gloppen kommune
Staffan Hjohlman	prosjektleder

Forfall:

Solfrid Trå	Jølster kommune
Kristian Nave	Selje kommune

Innkalling:

Innkallinga vart sendt 8.11.

Sak 4-2017 Endringar i vassforskrifta på høyring

Prosjektgruppa drøfta spørsmåla som står i innkallinga til møte i Nordfjord vassområdeutval 16.11.2017 (sak 3-2017).

Organisering

Det vart synt til at dagens organisering av vassforvaltninga verkar byråkratisk og uoversiktleg. Målet må vere å ha ei enklast mogleg organisering for å kunne gjennomføre tiltak for å betre vassmiljøet. Det kan vurderast å slå saman vassområde.

Det har vore utfordrande å få godt oppmøte i utvala, særleg frå politiske representantar, og innspel frå utvala synast i liten grad å vere tekne inn i eigen kommunal verksemd. Engasjement i eigen kommune kan betrast ved å spisse informasjonen på konkrete problem. Representantane i vassområdeutval og vassregionutval bør sitte i kommunestyret.

Video- og telefonmøte er møteformar som fungerer godt og kan bidra til auka oppmøte og redusert ressursbruk.



Det har førekome feil i e-postadresse til medlemar ved innkalling til møte. E-post bør supplerast med telefon i tilfelle der medlem ikkje gir tilbakemelding. Utfordring med innkalling til møte kan løysast ved å sende innkallinga til postmottaka, og oppgi mottakar.

Tiltaksgjennomføring i kommunane

Prosjektleder blir oppmoda om å krevje taletid på møte i kommunestyra og presentere utfordringar i kommunen. Det må gå tydeleg fram kva oppgåver kommunen bør ta tak i.

Tiltaka som kommunen har ansvar for bør bli forankra i politiske saker.

Planforum i Sogn og Fjordane er ei nyttig instans som gir god hjelp til kommunane sitt planarbeid.

Vågsøy kommune har starta arbeidet med hovudplan for avløp og miljø. Norconsult er leigd inn som konsulent i dette arbeidet. Vassforskrifta vil bli implementert. Planen er forventa ferdigstilt i september 2018.

Hornindal kommune vil utvide det kommunale reinseanlegget frå 7-800 PE til 2200 PE og i fyrste omgang kople til 50 bustadhus som tidlegare har hatt separate utløp. Det nye reinseanlegget vil også ta imot avløp som i dag går til eit eldre reinseanlegg, som bli lagt ned.

Høge gebyr kan ein sjå som eit kvalitetsteikn på at kommunen arbeider godt i med problema.

Det vart stilt spørsmål ved fylkeskommunen si innsats ved høyring av plan som omfattar utfylling av ein liten rest av eit elvedelta i Stryn sentrum.

Plan- og bygningslova som lovheimel for vassforskrifta

Prosjektgruppa meiner Plan- og bygningslova er godt eigna som lovheimel til vassforvaltningsarbeidet. Prosessen blir ryddig.

Det var forslag om å lage tematisk kommunedelplan med tiltaka etter tiltaksprogrammet, med årlege handlingsplanar.

Sak 5-2017 Oppfølging av regionalt tiltaksprogram

Det var noko tvil om kommunane er innforstått med sine oppgåver etter tiltaksprogrammet, dvs kva for tiltak dei har ansvar for og krava til framdrift. For å sikre at tiltaksprogrammet blir oppfylt, bør prosjektleder sende liste over tiltaka i den enkelte kommune til rådmannen med kopi til den administrative kontaktpersonen for vassforvaltning, dvs medlemen i prosjektgruppa.

Staffan Hjøhlman
ref.